

VEDTEKTER FOR FOREININGA NORSK SJØFUGLSENTER

Framlegg til skipingsmøtet 6. desember 2018.

§ 1 NAVN

Foreininga sitt namn er Norsk Sjøfuglsenter

§ 2 FØREMÅL

Norsk Sjøfuglsenter skal:

- ✓ Drive informasjonssenter for sjøfuglvern i Værlandet i samarbeid med statlege, regionale og kommunale styresmakter
- ✓ Arbeide for formidling av kunnskap, opplevingar og auka forståing for sjøfuglvern i Norge
- ✓ Skape møteplassar og utvikle partnarskap mellom eit vekslande mangfald av naturfaglege og reiselivsbaserte initiativ som fremjar senteret sitt føremål.
- ✓ Vere eit knutepunkt mellom menneske og kystnatur. Gjennom kunnskap om og formidling av lokale verneverdiar er målet å styrkje og skape forståing for sjøfuglvernet sin legitimitet lokalt og nasjonalt.
- ✓ Vere ein stad for læring, oppleving, og allmenn kulturell verksemd med særleg vekt på samspelet i kystnaturen.
- ✓ Stimulere til berekraftig reiselivsutvikling med basis i lokale, regionale og nasjonale verneverdiar.

§ 3 ORGANISASJONSFORM

Foreininga er ei frittstående, sjølveigande juridisk eining med medlemmer. At den er sjølveigande inneber at ingen, verken medlemmer eller andre, har krav på foreininga sin formue eller eigedom.

§ 4 MEDLEMSKAP

Medlemmer i foreininga Norsk Sjøfuglsenter er:

Askvoll kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Værlandet Vel, Stiftinga Alfhilds Minne til Værlandet Vel, Norsk Ornitologisk Foreining og andre spesielt interesserte og/eller kompetente personar som årsmøtet godkjenner.

§ 5 RETTAR OG PLIKTER KNYTT TIL MEDLEMSKAPET

Alle medlemmer har rett til å delta på årsmøte, har stemmerett og kan veljast til tillitsverv i foreininga. Medlemmene pliktar å rette seg etter vedtak fatta av årsmøte.

§ 6 ÅRSMØTE

Årsmøte, som skal heldast kvart år, er foreininga si øvste myndigheit. Årsmøtet er vedtaksført med det tal røysteføre medlemmer som møter, og alle medlemmer har ei stemme. Møteleiar blir vald av årsmøtet.

Med mindre noko anna er bestemt vert vedtak fatta med vanleg fleirtal.

Årsmøtet vert kalla inn av styret med minst 14 dagars varsel, direkte til medlemmene eller ved kunngjering i pressa. Framlegg som skal handsamast på årsmøtet skal vere sendt styret seinast ei veke før årsmøtet.

§ 7 ÅRSMØTET SINE OPPGÅVER

Årsmøtet skal

- ✓ Handsame årsmelding og revidert rekneskap
- ✓ Handsame innkomne framlegg
- ✓ Handsame saker som styret legg fram
- ✓ Vedta budsjett og arbeidsplan for inneverande år
- ✓ Velje: leiar og nestleiar, styremedlemmer, varamedlemmer, revisor og valnemnd

§ 8 EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte blir helde når styret bestemmer det, eller minst 1/3 av medlemmene krev det. Innkalling skjer på same måte som for ordinære årsmøte, med minst 14 dagars varsel. Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame og ta avgjersle i dei sakene som står på saklista i innkallinga.

§ 9 STYRET

Foreininga har eit styre på 5-7 medlemmer og er samansett slik:

- ✓ Eitt styremedlem utpeika av Askvoll kommune (vald for 4 år)
- ✓ Eitt styremedlem utpeika av Sogn og Fjordane fylkeskommune (vald for 4 år)
- ✓ Eitt styremedlem utpeika av Værlandet Vel (vald for 2 år)
- ✓ Eitt styremedlem utpeika av Norsk Ornitologisk Foreining (vald for 2 år)
- ✓ 1-3 styremedlemmer valt av årsmøte (vald for 2 år)

Styret er øvste myndigheit mellom årsmøta. Styret skal halde møte når styreleiar eller eit fleirtal av styremedlemmene krev det.

Styret skal:

- ✓ Utføre det som årsmøtet vedtek
- ✓ Oppnemne eventuelle komitear, utval eller personar som skal gjere spesielle oppgåver, og utarbeide instruks for desse. Til dømes revisor.
- ✓ Administrere og føre nødvendig kontroll med foreininga sin økonomi i samsvar med gjeldande instruks og vedtak

✓ Representere foreininga

Styret kan fatte vedtak når eit fleirtal av styret sine medlemmer er til stades. Vedtak blir fatta med vanleg fleirtal.

§ 10 SIGNATURRETT

Leiar og nestleiar har i fellesskap signaturrett.

§ 11 VEDTEKSENDRING

Endringar av desse vedtektene kan berre gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore på saklista, og krev 2/3 fleirtal av stemmene.

§ 12 OPPLØYSING

Oppløysning av foreininga kan berre handsamast på årsmøte, og krev 2/3 fleirtal.

Ved oppløysing skal foreininga si formue, etter betaling av eventuell gjeld, gå til det formål foreininga arbeider for å fremje. Det inneber at nettoformua blir gitt til en ideell organisasjon som årsmøte bestemmer.

Ingen medlemmer har krav på foreininga sine midlar eller andel av desse.